

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Innkalling til møte i Kontrollutvalet - Naustdal kommune

Utval: Kontrollutval - Naustdal kommune
Møtedato: 18.12.2013
Møtetid: 08.30
Stad: Møterom Nord 2. etg.
Møtenr.: 4/2013
Innkalling: Faste medlemmer i utvalet, rådmannen er kalla inn i sak (33-35/13 og 37/13).
Melding til: Ordfører (møterett), revisor (møterett) og varamedlem (varamedlem møter berre etter særskild innkalling).


Dersom De ikkje kan møte, gje melding på telefon 57612785 /97170064 eller på e-postadresse: post@sekom.no.

SAKLISTE

- 031/13 Godkjenning innkalling og sakliste.
- 032/13 Skriv og meldingar.
- 033/13 Orientering om sektor skule og kultur i Naustdal kommune.
- 034/13 Orientering – oppfølging av arbeidet med trafikktryggingsplan i Naustdal kommune.
- 035/13 Orientering frå rådmannen om den økonomiske situasjonen i Naustdal kommune i dag.
- 036/13 Val av prosjekt.
- 037/13 Tinging av undersøking – Investeringsprosjekt under arbeid i Naustdal kommune - status
- 038/13 Oppfølgingsliste 4-2013 – Naustdal.
- 039/13 Eventuelt.

Naustdal, 11.12.2013

Randi Elvebakk Reiakvam (sign)
- kontrollutvalsleiar -


Audhild Ragni Vie Alme
SEKOM - sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 42	post@sekom.no	95139762 vø 57612786 vø 57612785 arva 97170064 arva		987 631 554	3705.08.32571

031/13 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 08.10.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	18.12.2013	031/13	-	Ja

Kontrollutvalet sitt vedtak:

032/13 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 08.10.2013.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	18.12.2013	032/13	-	Ja

Saksvedlegg

- SM 17-13: Kommunestyrevedtak 43/13 «Plan for forvaltningsrevisjon», datert 19.09.2013.
SM 18-13: Rapport frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane frå tilsyn med rehabiliteringstilbod – Naustdal kommune, datert 22.05.2013.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Skriv og meldingar vert teke til vitande.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:

SM 17-13

NAUSTDAL KOMMUNE

SAKSUTGREIING

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saksnr.	Sakshandsamar
KOMMUNESTYRET	19.09.2013	043/13	ØBO

Saksansv.: Øyvind Bang-Olsen	Arkiv: K1-210 Objekt:	Arkivsaknr 13/458
	Avgjerd av:	

FORVALTNINGSREVISJON 2012 - 2015 - NAUSTDAL KOMMUNE

Vedlegg:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	05.09.2013	SEKOM-sekretariat	Plan for forvaltningsrevisjon 2012 - 2015 - Naustdal kommune

Andre saksdokument (ikkje vedlagt):

Saksopplysningar:

Det vert synt til utskrift m/vedlegg frå kontrollutvalet si møtebok frå møte 29.08.13, sak 026/13.

Saka gjeld plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012-2015

Vurdering:

Det vert synt til vedlagde saksutgreiing

TILRÅDING:

FRÅ KONTROLLUTVALET TIL KOMMUNESTYRET

- Kommunestyet godkjenner plan for forvaltningsrevisjon for Naustdal kommune for perioden 2012 – 2015.
- Planen har i utgangspunktet følgende prioritering av prosjekt:
 1. Gjennomgang av pleie og omsorg, med fokus på leing, sjukefråvær og økonomistyring.
 2. Sakshandsaming, vedtak og svargjeving i sektor for Landbruk, teknikk og miljø.
- Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å leggje til nye prosjekt og/eller endre prioritering i perioden.

19.09.2013 KOMMUNESTYRET

VEDTAK:

Tilrådinga samrøystes vedteken.



Sakshandsamar: Beate Tollefsen
Telefon: 57643177
E-post: fmsfbto@fylkesmannen.no

Vår dato
22.05.2013
Dykkar dato

Vår referanse
2013/636 - 734.0
Dykkar referanse

Naustdal kommune
v/ rådmannen
Postboks 43
6806 NAUSTDAL

Oversending av endeleg rapport frå tilsyn med rehabiliteringstilbodet i Naustdal kommune

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane viser til tilsyn med Naustdal kommune 12. februar til 16. mai 2013, og til førebels rapport datert 30.04.2013. Kommunen har ikkje komme med kommentarar til utkast til rapport frå tilsynet innan fristen. Vi legg derfor til grunn at det ikkje er merknader til innhaldet.

Vedlagt følgjer endeleg rapport frå tilsynet. Rapporten er offentleg. Kopi av rapporten vert sendt til Statens helsetilsyn og vert lagt ut på Helsetilsynet og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane sine nettsider.

Vi ber om at kommunen innan 30.06.2013 utarbeider- og sender oss ein framdriftsplan der de kort gjer greie for korleis de vil rette opp avviket, oversikt over tidspunkt for når arbeidet skal vere ferdig og kven som er ansvarleg for gjennomføringa.

Vi takkar igjen for godt samarbeid under tilsynet og ønskjer lukke til med det vidare kvalitetsarbeidet.

Ta gjerne kontakt med oss dersom det er noko som er uklårt eller om det er trong for rettleiing.

Med helsing

Per Stensland
fylkeslege

Beate Tollefsen
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg: Rapport frå tilsynet

Kopi med vedlegg til:
Naustdal kommune v/ seksjonsleiar for pleie- og omsorg Ruth Tone Solheim
Postboks 43
6806 NAUSTDAL

Statens helsetilsyn Postboks 8128 Dep 0032 Oslo

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 33 02
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:
fmsfpost@fylkesmannen.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Rapport frå tilsyn med rehabiliteringstilbod

Naustdal kommune

Adressa til verksemda: Postboks 43, 6806 NAUSTDAL
Tidsrom for tilsynet: 12.02.2013 – 16.05.2013
Kontaktperson i verksemda: Seksjonsleiar for pleie og omsorg
Ruth Tone Solheim

Samandrag

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har gjennomført tilsyn med Naustdal kommune, Naustdal sjukeheim, i perioden 12.02.2013 til 16.05.2013. Denne rapporten gjer greie for funn på området det var ført tilsyn med.

Tilsynet vart gjennomført som systemrevisjon og gjaldt følgjande område:
Rehabiliteringstilbodet til pasientar som er overført frå spesialisthelsetenesta til sjukeheim etter hoftebrot eller hjerneslag.

Tilsynet skulle undersøke følgjande fasar i rehabiliteringsprosessen:

- innhenting og handtering av nødvendig og relevant informasjon ved innlegging i sjukeheimen
- kartlegging av behov for rehabilitering
- målsetting og planlegging av rehabilitering
- gjennomføring og evaluering av rehabiliteringstiltak
- utskriving/avslutting av rehabilitering

Det vart funne eitt avvik under tilsynet i Naustdal kommune:

Naustdal kommune sikrar ikkje at pasientar med hoftebrot eller hjerneslag får eit forsvarleg rehabiliteringstilbod ved Naustdal sjukeheim

Dato: 22.05.2013

Beate Tollefsen
revisjonsleiar

Per Stensland
revisor

Innhald

Samandrag	1
1. Innleiing.....	3
2. Omtale av verksemda - spesielle forhold	3
3. Gjennomføring.....	4
4. Kva tilsynet omfatta	4
5. Funn.....	4
6. Vurdering av styringssystemet i verksemda	6
7. Regelverk	6
8. Dokument.....	7
9. Deltakarar ved tilsynet	8

1. Innleiing

Rapporten er utarbeidd etter tilsyn i Naustdal kommune, Naustdal sjukeheim, i perioden 12.02.2013 – 16.05.2013. Tilsynet er eit av dei planlagde tilsyna som Fylkesmannen i Sogn og Fjordane gjennomfører i år.

Fylkesmannen har fullmakt til å føre tilsyn med helsetenesta etter lov om statleg tilsyn med helse- og omsorgstenesta § 2.

Tilsynet blei utført som systemrevisjon. Dette inneber gransking av dokument, intervju og andre undersøkingar.

Formålet med systemrevisjonen er å vurdere om kommunen, gjennom internkontroll, tek hand om ulike krav i lovgivinga. Revisjonen omfattar å undersøkje:

- kva tiltak verksemda har for å avdekkje, rette opp og førebyggje brot på lovgivinga innanfor dei tema tilsynet omfattar
- om tiltaka blir følgde opp i praksis og om nødvendig korrigererte
- om tiltaka er gode nok for å sikre at lovgivinga blir følgd

Rapporten handlar om avvik som er avdekte under revisjonen og gir derfor ingen fullstendig tilstandsvurdering av det arbeidet verksemda har gjort innanfor dei områda som tilsynet omfatta.

- **Avvik** er krav som er gitt i eller i tråd med lov eller forskrift, som ikkje er oppfylte
- **Merknad** er forhold som ikkje er i strid med krav som er fastsett i eller i tråd med lov eller forskrift, men der tilsynslaget finn grunn til å påpeike betringspotensial.

2. Omtale av kommunen

Naustdal kommune har i underkant av 3000 innbyggjarar. Rådmannen er øvste leiar. Seksjonsleiar helse er ansvarleg for mellom anna fysioterapi- og legetenester. Seksjonsleiar pleie og omsorg er mellom anna ansvarleg for tenestene ved Naustdal sjukeheim. Desse rapporterer til rådgjevar helse og sosial som sit i rådmannen sin stab.

Naustdal sjukeheim er organisert som ei avdeling med 22 plassar. Plassane er fordelt på to etasjar der den eine etasjen vert nytta til demensavdeling. Her er det åtte plassar. Ein avdelingsleiar har ansvar for begge etasjane og rapporterer til seksjonsleiar pleie og omsorg.

Tilsynslegen er medisinskfagleg ansvarleg ved sjukeheimen og har rapporteringsplikt til seksjonsleiar helse og til seksjonsleiar pleie og omsorg. Tilsynslegefunksjonen utgjer seks timar kvar veke (16% stilling). Turnuslegen er på sjukeheimen på tysdagar og fredagar.

Fysioterapitenesta i kommunen er lokalisert til Naustdal sjukeheim. Kommunen har tilsett ein fysioterapeut i tillegg til leiande fysioterapeut. Tenesta skal utvide med ytterlegare ei stilling. Fysioterapitenester vert ytt til bebuarar på sjukeheimen etter behov.

Behovet for fysioterapi ved rehabilitering vert vanlegvis meldt frå avdelingsleiar/sjuepleiar ved sjukeheimen og/eller ved direkte kontakt frå spesialisthelsetenesta. Vaktmeister i kommunen har oppgåver knytt til hjelpemiddel til pasientane i samarbeid med fysioterapeuten.

3. Gjennomføring

Systemrevisjonen omfatta følgjande:

Aktivitet	Dato	Kommentar
Melding om tilsyn	14.02.2013	
Motteke dok. frå kommunen	27.03.2013	
Opningsmøte	16.04.2013	
Omvising	16.04.2013	
Intervju	16. og 17.04.2013	9 personar blei intervju
Sluttmøte	17.04.2013	

Oversikt over dokument som verksemda har sendt oss i samband med tilsynet, er teke inn i kapittel 8 om dokument.

4. Kva tilsynet omfatta

Ved tilsynet har vi undersøkt om Naustdal kommune, Naustdal sjukeheim, har styring og fører kontroll med at rehabiliteringstilbodet til pasientar med hoftebrot og hjerneslag blir gitt i samsvar med krav i helselovgivinga. Vi undersøkte særskilt om kommunen sikrar forsvarleg:

- innhenting og handtering av nødvendig og relevant informasjon ved innlegging i sjukeheimen
- kartlegging av behov for rehabilitering
- målsetting og planlegging av rehabilitering
- gjennomføring og evaluering av rehabiliteringstiltak
- utskriving/avslutting av rehabilitering

5. Funn

Det vart funne eitt avvik under tilsynet i Naustdal kommune:

Naustdal kommune sikrar ikkje at pasientar med hoftebrot eller hjerneslag får eit forsvarleg rehabiliteringstilbod ved Naustdal sjukeheim

Dette er avvik frå følgjande myndigheitskrav:

- Helse- og omsorgstjenesteloven §§ 4-1, 3-1 og 3-2, 7-1 og 7-2 jf. forskrift om habilitering- og rehabilitering, individuell plan og koordinator §§ 6,16 og 18
- Helsepersonelloven § 16
- Pasient- og brukeretighetsloven § 2-5
- Forskrift om pasientjournal § 8
- Kvalitetsforskriften § 3
- Internkontrollforskriften § 4

Avviket byggjer på følgjande:

A

Det er utarbeidd eit dokument om «*Rehabiliteringspasientar ved Nas-handl.kjede grove trekk pr i dag*». Dokumentet er udatert, det går ikkje fram kven det gjeld for og er ikkje gjort kjent for alle tilsette. Det ligg ikkje føre andre skriftlege prosedyrer for rehabiliteringsprosessen. Det er ikkje klart kven som har koordineringsansvar for rehabiliteringstilbodet til pasientane. Leiinga er kjent med dette. Nødvendige korrigerande tiltak er ikkje sett i verk.

B

Gjennom intervju kom det fram at kommunen ikkje har lagt til rette for at tverrfagleg samarbeid mellom sjukepleiar, lege og fysioterapeut skjer på ein slik måte at samla kunnskap og erfaring vert nytta. Tverrfagleg kartlegging, informasjonsvurdering, gjennomføring og evaluering av tilbodet til rehabiliteringspasientane vert ikkje sikra.

C

Kommunen har fleire pasientjournalssystem. Gjennom intervju går det fram at kommunen ikkje har sikra at dei tilsette har ei sams forståing av kva som skal dokumenterast i pasientjournalen, kvar det skal dokumenterast og kven som har ansvar for at det blir gjort. Leiinga er kjent med dette. Nødvendige korrigerande tiltak er ikkje sett i verk.

D

Gjennom intervju går det fram at målsettinga for rehabiliteringa ikkje vert dokumentert. Det vert ikkje utarbeidd ein rehabiliteringsplan for kvar pasient. Det er utarbeidd skjema for individuell plan, men pasientar med hjerneslag eller hoftebrot, som kan ha behov for langvarige og koordinerte tenester, får ikkje tilbod om individuell plan.

E

Kommunen har eit avvikssystem, men dei tilsette har ikkje ei sams forståing av kva som skal meldast som avvik når det gjeld rehabilitering til pasientar med hoftebrot eller hjerneslag. Det vert ikkje alltid gitt tilbakemelding på avvik som er melde og avvik vert ikkje systematisk brukt i kvalitetsarbeidet.

F

Gjennom intervju går det fram at det ikkje er utarbeidd opplæringsplanar. I personalmøte har rehabilitering vore tatt opp som tema, men det vert ikkje skrive referat frå møta slik at dei som ikkje er til stades kan gjere seg kjent med informasjonen. Leiinga er kjent med at det ikkje er utarbeidd plan for opplæring, men nødvendige korrigerande tiltak er ikkje sett i verk.

G

Leiinga har ikkje sørgja for at det er gjennomført systematisk gjennomgang av tenestene for å identifisere område med fare for svikt innafor rehabilitering.

6. Vurdering av styringssystemet i kommunen

Kommunen sitt internkontrollsystem skal bidra til fagleg forsvarlege helsetenester og at krava i helselovgivinga vert oppfylt gjennom systematisk styring og forbetningsarbeid. Sjølv om kommunen opplyser at dei har få pasientar innlagt med hoftebrot eller hjerneslag med behov for rehabilitering, må kommunen sørge for at dei har eit system for å ivareta desse pasientane når dei blir innlagt.

I Naustdal kommune er rehabiliteringstenestene til pasientar med hoftebrot eller hjerneslag basert på at innarbeida praksis og rutinar sikrar pasientane eit fagleg forsvarleg tilbod. Det er ikkje utarbeidd ein standard for korleis rehabiliteringstenestene skal utførast. Det ligg føre sjekklister som blir brukt når pasienten blir innlagt og eit dokument om handlingskjeda for rehabiliteringspasientar. Dette dokumentet er ikkje kjent for alle tilsette. Det er ikkje krav om skriftlege prosedyrar, men måten Naustdal kommune har vald å styre tenestene på dette området på gjer det utfordrande for leiinga å følgje med på og kontrollere korleis rehabiliteringstenestene blir ytt, at dei er i samsvar med lover og forskrifter og at dei tilsette har fått tilstrekkeleg opplæring til å kunne utføre oppgåvene dei er tillagt. Samtidig blir tenestene sårbare fordi dei er avhengige av at nøkkelpersonell til ei kvar tid er kjent med praksis, som blant anna inneber kjennskap til kva dei skal gjere og korleis, kven som har ansvaret og kva tid oppgåvene skal utførast.

Leiinga har ikkje oversikt over og etterspør ikkje korleis tenestene vert gitt til pasientar med hoftebrot og hjerneslag med rehabiliteringsbehov. Det er ikkje skrive avvik på området. Det kan derfor vere vanskeleg for kommunen å følgje med på, fange opp og korrigere eventuelle feil eller manglar i tenestene. Vår vurdering er at resultatet av ei slik styring kan medføre at pasientar med hjerneslag og hoftebrot som har behov for rehabilitering ikkje får dei lovpålagte tenestene dei har krav på.

7. Regelverk

- *Lov av 30. mars 1984 nr. 15 om statlig tilsyn med helse- og omsorgstjenesten*
- *Lov av 24. juni 2011 nr. 30 om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m*
- *Lov av 2. juli 1999 nr. 63 om pasient- og brukerrettigheter*
- *Lov av 2. juli 1999 nr. 64 om helsepersonell m.v.*
- *Forskrift av 14. november 1988 for sykehjem og boform for heldøgns omsorg og pleie*
- *Forskrift av 21. desember 2000 nr. 1385 om pasientjournal*
- *Forskrift av 20. desember 2002 nr. 1731 om internkontroll i helse- og omsorgstjenesten*
- *Forskrift av 27. juni 2003 nr. 792 om kvalitet i pleie- og omsorgstjenestene*
- *Forskrift av 12. november 2010 nr. 1426 om en verdig eldreomsorg*

8. Dokument

Dokumentasjon frå verksemda knytt til den daglege drifta og andre viktige forhold, sendt over i samband med førebuing av tilsynet:

- Stillingsomtale
 - Seksjonsleiar
 - Avdelingsleiar
 - Tilsynslege
 - Hjelpepleiar
 - Omsorgsarbeidar
 - Pleieassistent
- Oversikt over tilsette
- Organisasjonsplan
- Kvalitetssystemet - disposisjon
- Budsjett, handlingsprogram og økonomiplan
- Årsmelding 2011
- Gerica – pleie, rehabilitering og omsorgssystem

Dokumentasjon som blei gjennomgått/utdelt under revisjonsbesøket:

- Treningsprogram frå fysioterapeut for pasient i seng
- Rapportark Plan 2
- Skjema/sjekkliste for:
 - Rehabiliteringspasientar ved NaS – handlingskjede
 - Mottak av pasientar – flytskjema – primærkontakt
 - Bakgrunnsopplysningar
 - Pasientinformasjon v/ innlegging i NaS
 - Ernæringsstatus ved innkomst
 - Innkomstsamtale Pasient/pårørande – Tilsynslege/spl/primærkontakt
 - ADL vurdering
 - Mottak av pasientar frå eigen heim
 - Individuell plan
- Oppgåver primærkontakt
- Avviksoversikt for 2012 og 2013
- To pasientpermar med journalnotat frå lege
- Journalnotat frå fysioterapeut (eige ark)

To pasientjournalar blei gjennomgått under tilsynet.

Vi fekk omvising ved Naustdal sjukeheim.

Korrespondanse mellom verksemda og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane:

- 14.02.2013 melding om tilsyn frå Fylkesmannen til Naustdal kommune
- 27.03.2013 dokumentasjon til tilsynet frå Naustdal kommune til Fylkesmannen
- 04.04.2013 utkast til program for tilsynet frå Fylkesmannen til Naustdal kommune
- Diverse e-postar som omhandlar tilsynet (endring av program og praktiske opplysningar mm.)
- 30.04.2013 Førebels rapport frå Fylkesmannen til Naustdal kommune

9. Deltakarar ved tilsynet

Tabellen under gir oversikt over deltakarane på opnings- og sluttmøte, og over kven som blei intervjuet.

Namn	Funksjon / stilling	Opnings- møte	Intervju	Slutt- møte
Elin Dugstad Veseth	Sjuepleiar	x	x	
Camilla Kapstad Savland	Sjueheimslege	x	x	x
Ida Solevåg-Hellevang	Vernepleiar	x	x	x
Anni Midtbø Aase	Hjelpepleiar	x	x	
Gerd Solheim	Omsorgsarbeidar	x	x	
Rita Alværen	Fysioterapeut	x	x	x
Lotte Reiakvam	Avdelingsleiar	x	x	x
Ruth Tone Solheim	Seksjonsleiar pleie og omsorg	-	x	x
Kjell Skaflestad	Rådgjevar	x	x	x
Øyvind Bang-Olsen	Rådmann	x		
Karoline M. S. Solheim	Turnuslege	x		

Frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane deltok:

Rådgjevar Tom Debu Nesvåg, revisor

Seniorrådgjevar Bjørg Eikum Tang, revisor

Fylkeslege Per Stensland, revisor

Rådgjevar Beate Tollefsen, revisjonsleiar

033/13 ORIENTERING OM SEKTOR SKULE OG KULTUR I NAUSTDAL KOMMUNE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 15.08.2013.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	18.12.2013	033/13	-	Ja

Saksvedlegg

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Sak 022/13 «Orientering om sektor skule og kultur i Naustdal kommune»
- Brev frå SEKOM-sekretariat til Naustdal kommune – «Orientering om sektor skule og kultur i Naustdal kommune»”, datert 24.05.2013.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Orientering om kulturetaten i Naustdal kommune vert teken til vitande.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

Saksutgreiing

ORIENTERING OM SEKTOR SKULE OG KULTUR I NAUSTDAL KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Rådmann i Naustdal kommune orienterer om sektor for skule og kultur i Naustdal kommune

Saksopplysningar:

Den 21.05.2013, under sak 019/13 "Eventuelt" vart det gjort følgande vedtak.

- *Kontrollutvalet vedtek å kalle inn rådmannen for å orientere om sektor skule og kultur på neste møte i kontrollutvalet.*

Den 24.05.2013 vart det sendt brev til Naustdal kommune der det blir bedt om at administrasjonen førebur ei orientering om sektor skule og kultur i samband med neste møte i kontrollutvalet i Naustdal kommune.

I sak 022/13 «Orientering om sektor skule og kultur i Naustdal kommune» den 29.08.2013 vart det gjort følgjande vedtak:

- *Orientering om skule i Naustdal kommune vert teken til vitande.*
- *Kulturetaten var forhindra i og møte, og vil difor bli kalla inn til neste møte i kontrollutvalet for å orientere om denne.*

På grunn av at kulturetaten vart forhindra å gi ei orientering i sist møte, kallar vi inn rådmannen på nytt for å orientere om denne delen.

034/13 ORIENTERING - OPPFØLGING AV ARBEIDET MED TRAFIKKTRYGGINGSPLAN I NAUSTDAL KOMMUNE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat

Dato: 08.10.2013.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	18.12.2013	034/13	-	Ja

Saksvedlegg

Brev frå SEKOM-sekretariat til Naustdal kommune – «Orientering – oppfølging av arbeidet med trafikktryggingsplan i Naustdal kommune», datert 22.05.2013.

Notat datert 11.10.2013 til rådmannen frå Harald Eikenes, sekjsonsleiar for landbruk og plan i Naustdal kommune.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Sak 06/09 Kontrollutvalsarbeid tiltak
- Sak 016/12 «Orientering – trafikktryggleiksplan i Naustdal kommune»
- Sak 032/12 «Trafikktryggingsplan i Naustdal kommune»
- Sak 018/13 «Oppfølgingsliste 2-2013 Naustdal»
- Sak 023/13 «Orientering – Oppfølging av arbeidet med trafikktryggingsplan i Naustdal kommune».
- Kommunestyresak 080/12 «Trafikktryggleiksplan 2013 – 2017

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Orientering om arbeidet med trafikktryggingsplan i Naustdal kommune vert teke til vitande.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

ORIENTERING - OPPFØLGING AV ARBEIDET MED TRAFIKKTRYGGINGSPLAN I NAUSTDAL KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Rådmann i Naustdal kommune orienterer om arbeidet med trafikktryggingsplan i Naustdal kommune

Saksopplysningar:

I kontrollutvalsmøte den 09.05.2012 i sak 016/12 «Orientering – trafikktryggleiksplan i Naustdal kommune» orienterte rådmannen om trafikktryggingsplanen i Naustdal kommune.. Under orienteringa kom det fram at trafikktryggleiksplan for Naustdal kommune skal på plass innan eit år.

I kontrollutvalsmøte den 09.11.2012 sak 032/12 «Trafikktryggingsplan i Naustdal kommune», orienterte rådmannen om status i arbeidet med trafikktryggleiksplan i Naustdal kommune og at planen ville bli fremma for kommunestyret i desember 2012.

I kommunestyret i sak 080/12 «Trafikktryggleiksplan 2013 – 2017», den 13.12.2012 vart planen vedteken.

I sak 018/13 «Oppfølgingsliste 2-2013 Naustdal» gjorde kontrollutvalet følgjande vedtak:

- *Kontrollutvalet vil kalle inn rådmannen på neste møte for å orientere om oppfølging av trafikktryggleiksplan i Naustdal kommune.*

I brev den 22.05.2013 ber kontrollutvalet om at administrasjonen førebur ei orientering om oppfølging av arbeidet med trafikktryggleiksplanen i Naustdal kommune i møte den 29.08.2013.

I kontrollutvalsmøte den 29.08.2013 vart saka utsett til neste møte. Rådmannen er difor kalla inn i saka på nytt.

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gloppen, Gaular, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Naustdal kommune
Postboks 46
6806 NAUSTDAL

Førde, 22.05.13

Dykkar ref.: Vår ref.: Vø Jnr.: 188/13 Arkiv: Naustdal

ORIENTERING – OPPFØLGING AV ARBEIDET MED TRAFIKKTRYGGINGSPLAN I NAUSTDAL KOMMUNE

Kontrollutvalet i Naustdal fekk orientering i sak 016/12 «Orientering – trafikktryggleiksplan i Naustdal kommune» i møtet den 09.05.2012. Under orienteringa kom det fram at trafikktryggleiksplan for Naustdal kommune skal på plass innan eit år.

I kontrollutvalsmøte den 09.11.2012 sak 032/12 «Trafikktryggingsplan i Naustdal kommune», orienterte rådmannen om status i arbeidet med trafikktryggleiksplan i Naustdal kommune og at planen ville bli fremma for kommunestyret i desember 2012.

I kommunestyret i sak 080/12 «Trafikktryggleiksplan 2013 – 2017», den 13.12.2012 vart planen vedteken.

I sak 018/13 «Oppfølgingsliste 2-2013 Naustdal» gjorde kontrollutvalet følgjande vedtak:

- *Kontrollutvalet vil kalle inn rådmannen på neste møte for å orientere om oppfølging av trafikktryggleiksplan i Naustdal kommune.*

I samband med neste møte i kontrollutvalet ber kontrollutvalet om at administrasjonen førebur ei orientering om oppfølging av arbeidet med trafikktryggleiksplanen i Naustdal kommune.

Dato for neste møte i kontrollutvalet i Naustdal er etter planen 29. august 2013.

Innkalling til møtet vil bli sendt dykk omtrent ei veke før møtet.

For kontrollutvalet


Vidar Øvrebo

SEKOM-sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

Mottakar:
Rådmannen

Dok. ref.
HE/11/745-42/K2-Q80

Dato:
11.10.2013

Orientering- oppfølging av arbeidet med trafikktryggingsplan i Naustdal kommune

Kontrollutvalet har kalla inn rådmannen for å orientere om oppfølging av trafikktryggingsplanen i Naustdal kommune.

Rådmannen har bedt meg om å gjere for aktuelle forhold.

Trafikktryggingsplanen vart samrøystes vedteken av Kommunestyret i sak 80/12, møtedato 13.12.2012, slik:

VEDTAK:

Naustdal kommunestyre vedtek Trafikktryggingsplan 2013-2017 som tematisk kommunedelplan etter plan- og bygningslova § 11-1, jamfør § 11-15.

Fylgjande tiltak vert innarbeidd i trafikktryggleiksplanen

Opprustning av gang/sykkelveg Horstad – Nyheim

Sambindingsveg Reiakvam – Horstad

Busslomme ved grendevegen Hove – Reiakvam

Utkøyring – forbipasseringar og rekkverk på strekning av Øyjordsvingen – Gjærgrova

Det vert utarbeidd oversikt over manglar på rekkverk på kommunale vegar

Generelt:

Naustdal sin trafikktryggingsplan er litt spesiell.

Trygg trafikk tilrår å tenkje relativt spesifikt på Aksjon skuleveg-tiltak, og lage ein plan for overkommelege problem som det kan søkjast slike midlar til å løyse.

Rådmannen la ei breiare tilnærming til grunn for dette planarbeidet, der vi prøvde å drøfte kva som er farleg i stort og smått, og såg på situasjonen på riksveg, fylkesvegar, og på kommunal veg. Dette gav ei bra oversikt.

GANG- OG SYKKELBRU

Naustdal kommune og rådmannen har på gang ei målretta og konkret oppfølging av planen gjennom arbeidet med ny gangbru over Nausta. Denne brua står fram som det store tiltaket i planen, spesielt ut frå effekt for trafikktryggleiken.

Planframlegg for gangbrua er i desse dagar klar for høyring. Både administrativt og politisk er det arbeidd aktivt for å halde framtidig trygg kryssing av Rv 5 og Nausta på dagsorden, og skaffe finansiering til dette krevjande tiltaket.

ANDRE PLANARBEID

Trafikktrygging er eit svært sentralt aspekt ved utarbeiding av reguleringsplan for utbygging av NBU, som pågår no. Rådmannen må vurdere kva tid det er rett å søkje Aksjon skuleveg-midlar til tiltak langs Berrvellene.

I samarbeid med Midtredalen krins har kommunen på gang eit arbeid for sikrere transport av elevar til skulen. Dette er eit prioritert forhold etter trafikktryggingsplanen.

Oppfølging tilleggspunkt frå formannskap/ kommunestyre

Trafikktryggingsplanen er blitt kunngjort som vedteken, utan at det har skjedd noko i høve instruks i 2. lekk og følgjande i vedtaket. Versjon som er reigstrert vedteken ser ikkje ut til å vere endra etter politisk vedtak. Dette er ein klar feil; planen skulle vore endra i tråd med vedtak før han vart registrert som vedteken. Dette vert no retta opp, og det utval for plansaker vil bli orientert om tiltak som blir gjort for oppretting.

I det etterfylgjande blir det gått gjennom dei aktuelle punkta:

Vi har hatt vesentleg oppfølging av dei tre fyrste punkta som vart tilført på politisk nivå gjennom sak Sambindingsveg Horstad- Reiakvam, arkivsak 11/409.

Dette gjeld punkta:

- Opprustning av gang/sykkelveg Horstad – Nyheim**
- Sambindingsveg Reiakvam – Horstad**
- Busslomme ved grendevegen Hove – Reiakvam**

Utval for plansaker gjorde dette vedtaket i sak 12/13, møtedato 18.04.2013:

VEDTAK:

Rådmann lagar eit notat som samanstill synspunkt som har kome fram under synfaringa og vurdere alternativ som vist på framlagt kart. Rådmannen drøftar også tryggleikssituasjonen og tiltak med Statens Vegvesen i høve.

Rådmannen har fått utarbeidd notat i samsvar med dette vedtaket, registrert som jpost 39 i den aktuelle saka. Det vart og utarbeidd saksframlegg til utval for plansaker basert på notatet.

Innstilling til trase og vidare framdrift for sambindingsveg mellom Horstad og Reiakvam er utsett i påventa av signal frå politiske mynde om tidspunkt for politisk handsaming.

Vi har nyleg fått inn brev om saka frå innbyggjarar i området.

Punktet

Utkøyning – forbi-passeringar og rekkverk på strekning av Øyjordsvingen – Gjærgrova
Dette punktet var vesentleg med i innspel til planen frå Instedalen krins, og har såleis vore inne i planarbeidet. Punktet gjeld forhold på fylkesveg, og ut frå karakteren er det lite aktuelt i gruppa aksjon skuleveg- tiltak. Vi vil gjere Statens Vegvesen spesielt merksam på at det har vore politisk fokus på forholdet, i brev form.

I høve punktet

Det vert utarbeidd oversikt over manglar på rekkverk på kommunale vegar
er det naturleg å peike på føreliggande trafikktryggingsplan pkt. 5.5, der det etter ein tabell med problemstillingar er vist til at «Prioritering av tiltak skjer ved plan for kommunale vegar, og økonomiplan.»

Rådmannen har lenge hatt intensjon om få utarbeidd plan for vedlikehald av kommunale vegar, men det har vore vanskeleg å finne ressursar til dette omfattande arbeidet. Det er stadig ei målsetting å realisert denne planen, som styringsreiskap.

Oppsummert

meiner Rådmannen at kommunen har hatt eit forsvarleg oppfølging av saker som er viktige for trafikktrygging etter vedtak av planen, og i stort ei bra oppfølging av planen. Notatet viser og at det er gjort ein beklageleg feil, som blir retta opp.

Utarbeidd for Rådmannen av

Harald Eikenes
Seksjonsleiar landbruk og plan

035/13 ORIENTERING FRÅ RÅDMANNEN OM DEN ØKONOMISKE SITUASJONEN I NAUSTDAL KOMMUNE I DAG

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 09.10.2013.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	18.12.2013	035/13	-	Ja

Saksvedlegg

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Sak 06/09 Kontrollutvalsarbeid tiltak

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Orientering frå rådmannen om den økonomiske situasjonen i Naustdal kommune i dag vert teken til vitande.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

Saksutgreiing

ORIENTERING FRÅ RÅDMANNEN OM DEN ØKONOMISKE SITUASJONEN I NAUSTDAL KOMMUNE I DAG

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Rådmann i Naustdal kommune orienterer om den økonomiske situasjonen i Naustdal kommune i dag

Saksopplysningar:

Kontrollutvalet ynskjer å få ei generell orientering frå rådmannen om den økonomiske situasjonen i Naustdal kommune i dag.

036/13: FORVALTNINGSREVISJON – VAL AV PROSJEKT

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø SEKOM- sekretariat

Dato: 08.10.2013

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	18.12.2013	036/13	-	Ja

Saksvedlegg

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
- Overordna analyse/plan for forvaltningsrevisjon.
- Vedtak kst. sak 43/13 Plan for forvaltningsrevisjon

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Kontrollutvalet startar opp arbeid med prosjektet:.....

SEKOM-sekretariat utformar tinging av prosjektet som vert handsama på neste møte.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

Saksutgreiing:

FORVALTNINGSREVISJON – VAL AV PROSJEKT

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Kontrollutvalet har ansvar for at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon årleg. Det skal veljast prosjekt.

Saksopplysningar:

Det vart i februar 2012 gjennomført overordna analyse. Denne var grunnlag for vidare arbeid med forvaltningsrevisjon. I sak 26/13 "Plan for forvaltningsrevisjon – Naustdal kommune 2013 - 2016" den 29.08..2013 gav kontrollutvalet tilråding om plan for forvaltningsrevisjon. Planen vart vedteken i samsvar med kontrollutvalet si tilråding i kommunestyret 19.09.2013 i sak 43/13 Plan for forvaltningsrevisjon 2013 – 2016.

I planen er det gjort følgjande prioriteringar av prosjekt:

- 1. Gjennomgang av pleie og omsorg, med fokus på leing, sjukefåver og økonomistyring.**
- 2. Sakshandsaming, vedtak og svargjeving i sektor for Landbruk, teknikk og miljø.**

Det går fram av planen at kontrollutvalet har fullmakt til å gjere omprioriteringar og/eller velje andre prosjekt.

Oppgåva til kontrollutvalet blir no å velje forvaltningsrevisjonsprosjekt.

På grunnlag av vedtaket utformar Sekom sekretariat eit tingingsdokument til revisjonen til neste møte i kontrollutvalet.

Sekretariatet sine vurderingar:

Sekretariatet vurderer det slik at det føreligg nyleg gjort tilråding frå kontrollutvalet og nyleg gjort vedtak frå kommunestyret om Plan for forvaltningsrevisjon.

Den vidare sakshandsaminga bør vere at sekretariatet, på grunnlag av vedtaket som vert fatta i saka, utformar forslag til tinging som så vert handsama på eit seinare kontrollutvalsmøte før oversending til KRYSS-revisjon. For at det skal late seg gjere å forme ei tinging, må ein kome fram til kva ein konkret ynskjer å få undersøkt gjennom forvaltningsrevisjonsprosjektet.

037/13 TINGING AV UNDERSØKING –INVESTERINGSPROSJEKT UNDER ARBEID I NAUSTDAL KOMMUNE – STATUS

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme. SEKOM- sekretariat
Dato: 10.12.2013

Utval	Dato	Saksnr.	Status	Vedtaksorgan
Kontrollutvalet	18.12.2013	037/13	-	Ja

Saksvedlegg:

E-post datert 10.12.2013 frå SEKOM-sekretariat til KRYSS-revisjonen.

Epost datert 11.12.2013 frå Rolf Kalland, kommunalsjef i Naustdal kommune, vedlagt oversikt over aktuelle prosjektrekneskap som er under handsaming.

Revisjonsmelding 2012 datert 15.4.2013 frå KRYSS-revisjon til kommunestyret i Naustdal.

Sak 73/10 Investeringsrekneskap Naustdal kommune 2009, handsama 16.12.2010.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- I sak 025/10 "Rekneskap og sluttrapport investeringsprosjekt og status investeringsprosjekt under arbeid"
- Brev frå kontrollutvalet til Naustdal kommune «Rekneskap og sluttrapport investeringsprosjekt», datert 27.05.2012.
- Kontrollutvalsak 009/12 «Eventuelt»
- Brev frå kontrollutvalet til Naustdal kommune "Rekneskap og sluttrapport Naustdal kommune", datert 27.03.2012.
- Sak 36/12 Undersøking – Investeringsprosjekt under arbeid i Naustdal kommune – Tinging, handsama i kontrollutvalet 20.11.2012

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Kontrollutvalet ber kommunestyret pålegge administrasjonen å følgje rutiner for prosjektstyring i Naustdal kommune, slik at sluttrapport/rekneskap for investeringsprosjekt over kr 500.000 vert lagt fram for politisk handsaming.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

Saksutgreiing:

TINGING AV UNDERSØKING –INVESTERINGSPROSJEKT UNDER ARBEID I NAUSTDAL KOMMUNE – STATUS

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Audhild Ragni Vie Alme

Innleiing – Kva saka gjeld

Status for tinging av undersøking av avslutta investeringsprosjekt i Naustdal kommune.

Saksopplysningar:

I kontrollutvalsmøte 12.05.2010 vart det i samband med gjennomgang av årsrekneskapen for Naustdal kommune 2009 teke opp sak om rekneskapar og sluttrapportar for investeringsprosjekt.

I sak 025/10 ”Rekneskap og sluttrapport investeringsprosjekt og status investeringsprosjekt under arbeid” vart det gjort følgjande vedtak:

- *Kontrollutvalet ber om status over pågåande investeringsprosjekt*
- *Kontrollutvalet ber om at rekneskap og sluttrapport vert lagt fram for investeringsprosjekt som er avslutta.*

Den 27.05.2010 vart det sendt brev til Naustdal kommune der det blir bedt om å få lagt fram status over pågåande investeringsprosjekt, og at det vert lagt fram rekneskapar og sluttrapportar for investeringsprosjekt som er avslutta i samsvar med økonomireglementet.

I sak 009/12 «Eventuelt» den 26.03.2012 blei det gjort følgjande vedtak:

- *Sekretariatet får i oppgåve å sjekke status på sluttrapportering for investeringsprosjekt i Naustdal kommune.*

Den 27.03.12 vart det sendt brev frå kontrollutvalet til Naustdal kommune der det på nytt blir bedt om at det blir lagt fram rekneskap og sluttrapportar for investeringsprosjekt som er avslutta.

Det er ikkje motteke svar på nokon av breva.

I sak 36/12 Undersøking – Investeringsprosjekt under arbeid i Naustdal kommune – Tinging, handsama i kontrollutvalet 20.11.2012, vart det gjort følgjande vedtak:
Kontrollutvalet tingar ei undersøking frå KRYSS-revisjon der det blir bedt om at det vert utarbeida ei oversikt over rekneskap og sluttrapportar for investeringsprosjekt under arbeid i Naustdal kommune.

Tinging sendt til KRYSS-revisjonen 20.11.2012.

Sekretariatet sine vurderingar:

US82/13

Øvrebø Vidar

Fra: Øvrebø Vidar
Sendt: 10. desember 2013 13:42
Til: kari.sygna@kryssrevisjon.no
Kopi: Alme Audhild Ragni Vie
Emne: Tinging av undersøking - Status

Hei!

Den 20.11.2012 vart det helde kontrollutvalsmøte i Naustdal. I sak 036/12 «Undersøking – Investeringsprosjekt under arbeid i Naustdal kommune - Tinging» vart det gjort følgjande vedtak:

- Kontrollutvalet tingar ei undersøking frå KRYSS-revisjon der det blir bedt om at det vert utarbeida ei oversikt over rekneskap og sluttrapportar for investeringsprosjekt under arbeid i Naustdal kommune.

Same dag sender SEKOM-sekretariat ei tinging av undersøking til KRYSS-revisjon.

Kontrollutvalet ber om ein status i undersøkinga.

Med helsing

Vidar Øvrebø
Dagleg leiar

SEKOM-sekretariat

Mobil: +47 95139762
vidar.ovrebo@sekom.no

SEKOM Sekretariat
Hafstadvegen 42
P.O. Box 338
502 Førde
Tlf 57 61 27 86

Alme Audhild Ragni Vie

Fra: Sygna Kari
Sendt: 11. desember 2013 12:01
Til: Øvrebø Vidar; Alme Audhild Ragni Vie
Emne: VS: ang. Investeringar og framlegging av prosjektrekneskap, ref. vårt brev datert 23.11.2012
Vedlegg: kopi av brev datert 23.11.2012.pdf; INVESTERINGSREKNESKAP NAUSTDAL KOMMUNE 2009 (L)(28577).doc; Sluttrekneskap for investeringsprosjektet.docx

Eg vidaresender dette som eg har innhenta frå Naustdal kommune.

Helsing

Kari Håheim Sygna
Kommunerevisor I
Kryss Revisjon
tlf 57612789
kari.sygna@kryssrevisjon.no

Fra: Kalland Rolf
Sendt: 11. desember 2013 11:54
Til: Sygna Kari
Kopi: Bang-Olsen Øyvind
Emne: SV: ang. Investeringar og framlegging av prosjektrekneskap, ref. vårt brev datert 23.11.2012

Hei

Når det gjeld saka om prosjektrekneskap er status slik at rådmannen fekk utarbeidd rekneskap for alle aktuelle prosjekt i sommar og sende dette den 11. juli 2013 ut til dei prosjektansvarlege for kommentar/merknader. Av kapasitetsmessige årsaker har saka ikkje vorte handsama vidare, det er og slik at rådmannen manglar ein del tilbakemeldingar/avklaringar som no vil bli innhenta. Vi legg ved aktuelle prosjektrekneskaper som er under handsaming.

Sender også orientering om oppfølging av arbeidet med trafikktryggingsplan i Naustdal kommune.

Ber om at du formidlar dette vidare til SEKOM.

Med vennleg helsing

Rolf Kalland
Kommunalsjef
Naustdal kommune www.naustdal.kommune.no
mobil: +47 97 65 38 05

Fra: Sygna Kari
Sendt: 10. desember 2013 15:16
Til: Kalland Rolf
Emne: VS: ang. Investeringar og framlegging av prosjektrekneskap, ref. vårt brev datert 23.11.2012

Hei.

Eg vidaresender denne til deg.
Eg håpar at de i løpet av i morgon føre lunch kan gi ei tilbakemelding. Kan de og legge ved eventuelle nye rutiner ?

Helsing

Kari Håheim Sygna
Kommunerevisor I
Kryss Revisjon
tlf 57612789
kari.sygna@kryssrevisjon.no

Fra: Sygna Kari
Sendt: 10. desember 2013 14:59
Til: Bang-Olsen Øyvind
Kopi: Guddal Terje
Emne: ang. Investeringar og framlegging av prosjektrekneskap, ref. vårt brev datert 23.11.2012

Vedlagt følger kopi av brev, datert 23.11.2012. Vi kan ikkje sjå å ha motteke svar .

Vi kan heller ikkje sjå at det er lagt fram ferdigstilte investeringsprosjekt for revisjon i 2013.

Vi viser til brevet , som ligg ved scanna) og ber om snarleg tilbakemelding, ref. nest siste avsnitt.

